

Bygg1 Produkter AS er ein grossist som tilbyr dører og andre byggevarer til forhandlarar, husfirma og entreprenørar i heile Norge. Vi har nytt og moderne bygg i Ørsta på Sunnmøre og importerer dører frå produsentar med lang erfaring med produksjon av dører og andre byggevarer. Vi har avtale med ei rekkje landsdekkande kjeder og har vore i marknaden i 17 år, er 19 tilsette og omsette for nær 130 millionar kroner i 2017.

Vi skal auke vår bemanning på kundesenteret og søker:

Kundehandsamar

Dei viktigaste ansvars- og arbeidsoppgåvene er:

- » Kundehandsaming på telefon og e-post
- » Ordrehandsaming, tilbodsrekning, reklamasjonshandsaming
- » Rådgjeving og rettleiing
- » Bestilling av varer frå produsent

Kvalifikasjonar:

- » Interesse for sal og service
- » Gode norsk- og engelskkunnskapar
- » Kjennskap til Visma Global og SuperOffice er ein fordel
- » Fleksibel når det gjeld arbeidstid

Den rette kandidaten er utadvent, sjølvstendig og strukturert.

Vi tilbyd 100 % stilling i eit solid firma med konkurranse-dyktige vilkår og motiverte og kunnskapsrike kollegaer.

Arbeidsstad: Ørsta. **Tiltreding:** Snarast.

Spørsmål om stillinga kan rettast til dagleg leiar
Jan Runar Holsvik tlf. 970 42 490.

Skriftleg søknad og CV sendast til jan.runar@bygg1.no
innan **16.02.2018**. Skriv «[Kundehandsamar](#)» i emnefeltet.

BYGG1

